



Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1999 - 23/13232

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
16.02.2023

Innvilga sakskostnader for vedtak om reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg PlanID 1263-201804

Administrativt vedtak: **Saknr: 188/23**

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: /

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

VEDTAK:

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 50.427 inklusiv meirverdiavgift, jf. forvaltningslova § 36 første ledd.

Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Saka gjeld

Vi viser til krav om dekning av saksomkostningar mottatt 09.07.2022 frå Harris Advokatfirma AS. Samla krav utgjer kr. 50.427,- inklusiv meirverdiavgift.

Kravet gjeld dekning av kostnadar i høve klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO) i sak 20/1999 med saksnr. 082/21, datert 24.06.2021, om reguleringsplan (detaljplan) for E39 Vikane – Eikangervår, PlanID 1263-201804. Kommunestyret endra vedtaket i sak 068/22 der klagen vart delvis tatt til følgje.

Grunngjeving

Fvl § 36 første ledd lyder som følgjer:

Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen

skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.

Det leggst til grunn at endringa inneber ein endring til gunst for tiltakshavar.

Det er vidare eit vilkår at det kun er vesentlege kostnader som har vært nødvendig for å få endra kommunens vedtak som kan krevjast dekkka.

Kostnaden må være pådratt i innanfor den dekningsberettigede perioden som er frå det vedtaket vart fatta til vedtaket vart endra. Kostnadar utanfor denne perioden vil ikkje ha vore naudsynte for å få endra vedtaket. I denne saken er perioden frå 01.07.2021 til 19.05.2022. Kostnadane som vert kravd dekkka er innanfor den dekningsberettigede perioden.

Hovudregelen er at ein part skal få dekkka vesentlege og naudsynte kostnadar som knyt seg til endringa av vedtaket. Kravet om at kostnadane må vere vesentlege, er meint å skulle utelukka småutgiftar og parten sitt eige arbeid med saka. Utgifter til advokat og utgifter til annan juridisk bistand vert omfatta av vesentlegheitskravet.

Når det gjelder vurderinga av kva for utgifta som har vore naudsynte, så vert det lagt vekt på saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, jf. Ot.prp.nr. 3 (1976-77).

Vurdering

I denne saka blei reguleringsplan vedteken av Alver kommunestyre i sak 20/1999 saksnr. 082/221 datert 24.06.2021. Vedtaket blei kunngjort den 01.07.2021. Kommunestyret endra vedtaket i sak 068/22 til gunst for klagar den 19.05.2022.

Harris Advokatfirma AS har vedlagt følgjande framstilling på saksomkostningskrav:

Dato	Beskrivelse	Timer	Sats	Beløp
Timer:				
Marianne Aadland Sandvik:				
26.08.2021	Arbeid mot kommunen, supplere klageskriv	0,25	1 800,00	450,00
27.08.2021	Klageskriv	2,25	1 800,00	4 050,00
30.08.2021	Dialog med Fyllingsnes og kommunen ifht uttale	1,00	1 800,00	1 800,00
31.08.2021	Klageskriv	0,50	1 800,00	900,00
01.09.2021	Supplere skriv etter uttale frå landbruk	1,17	1 800,00	2 100,00
01.09.2021	Supplere skriv etter uttale frå landbruk	0,08	1 800,00	150,00
	Totalt Marianne Aadland Sandvik i alt	5,25		9 450,00
Christian S. Mathiassen:				
10.08.2021	arbeie med klage regplan	2,50	2 200,00	5 500,00
11.08.2021	klage plandok, sendt planklage 12.08	1,00	2 200,00	2 200,00
01.09.2021	amk uttale	0,25	2 200,00	550,00
	Totalt Christian S. Mathiassen i alt	3,75		8 250,00
	Timer i alt	9,00		17 700,00

Dato	Beskrivelse	Timer	Sats	Beløp
Timer:				
Marianne Aadland Sandvik:				
02.03.2022	Tlf Christian, Steinar + avklaring møte SVV	1,00	1 900,00	1 900,00
08.03.2022	Tlf Steinar om vidare prosess	0,50	1 900,00	950,00
10.03.2022	Gj.gang svar SVV	0,50	1 900,00	950,00
11.03.2022	Samtale med CM, strategi + Steinar + skrive merknad	3,50	1 900,00	6 650,00
14.03.2022	supplere skriv + innsending	1,00	1 900,00	1 900,00
16.03.2022	Tlf APM; Fjeldsbø, Toft og Fyllingsnes	0,75	1 900,00	1 425,00
19.04.2022	Tlf og avklaring med Steinar	0,50	1 900,00	950,00
20.04.2022	Synfaring med APM	2,50	1 900,00	4 750,00
	Totalt Marianne Aadland Sandvik i alt	10,25		19 475,00
Christian S. Mathiassen:				
11.03.2022	svar fra vegvesen konf marianne	0,50	3 000,00	1 500,00
14.03.2022	gjennomgang utkast brev	0,50	3 000,00	1 500,00
	Totalt Christian S. Mathiassen i alt	1,00		3 000,00
	Timer i alt	11,25		22 475,00
UTLEGG:				
20.04.2022	Saksutlegg, KM-godtgjørelse	33,00		132,99
20.04.2022	Bompenger	2,00		33,60
	UTLEGG i alt			166,59

Spesifisert timeliste viser at arbeidet er gjort innenfor den dekningsberettigede perioden mellom 01.07.2021 og 19.05.2022.

Utifrå ein konkret heilskapleg vurdering av saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, vurderer Alver kommune at det arbeid som har vært naudsynt for å få endra vedtaket er 20,25t, jf. fvl. § 36. Dette er utgifter som parten med rimelegheit kunne anse som formålstenleg som vert dekkja og det er forståeleg at utgiftene vart pådratt.

Konklusjon

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 50.427.- inklusiv meirverdiavgift. Beløpet vil bli overført til kontonummer 9521.16.42638 innan rimeleg tid.

Utbetaling saksomkostningar

Vi ser at mottakar ikkje har frådagsrett for mva. Beløpet utbetalast difor med mva.

Aktuelt regelverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.

- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.